

Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep  
0032 OSLO

**Opptakskontoret**

Saksbehandler: Tine Sønderby Kristensen  
Besøksadresse: B R A veien 4, 1757 HALDEN  
Telefon: +4769608380  
E-post: [tine.s.kristensen@hiof.no](mailto:tine.s.kristensen@hiof.no)

Deres referanse:

Vår referanse: 18/01557-2

Dato: 14.11.2018

## Svar på tilleggshøring om endringer i forskrift om opptak til høgre utdanning for opptak til studieåret 2019-2020

Vi viser til brev av 3.10.2018 der eit forslag om et tillegg i opptaksforskriftens § 4-2, første punkt, vart sendt ut på høyring.

Høgskolen i Østfold (HiØ) ynskjer å kommentere det framsette forslaget.

Vi meiner at forslaget skulle vore fremma som ein del av den ordinære handsaminga av forslag om endring av forskrifta. Forslag til endring av forskrift om opptak til høgre utdanning som vert framlagd etter gyldig frist, kan føre til utsatt godkjenning av forskrifta, og dermed utsatt opning av samordna opptak. Dette skjedde i 2018, og det vil være svært uheldig om dette også skjer i 2019. Slike avvik svekke tiltrua til Samordna Opptak som institusjon, og me oppmodar Kunnskapsdepartementet til å avvise forslag om endringar som kjem etter gyldig frist. Det uansett ikkje meir en eit år til neste gong institusjonane har høve til å sende inn nye forslag.

Vi meiner også at det er uheldig at departementet fremmer et forslag til endring «...under føresetnad av at Universitetet i Oslo og Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning, finn fram til ei god arbeidsdeling og ei praktisk løysing innanfor den nasjonale opptaksmodellen.»

Har UiO og Unit ein frist på å finne ei god løysing? Kva skjer dersom UiO og Unit ikkje klarar å finne fram til ei god løysing? Med ein slik føresetnad er det særlig usikkert når me kan ha ei rettskraftig forskrift klar, og kan opne det samordna opptaket.

Det kjem fram at departementet tenkjer at ei kvote på 20 % vil være rimeleg, men det er ikkje vurdert korleis ei slik kvote vil påverke dei allereie etablerte kvotane (førstegangsvitnemål og ordinær).

UiO grunner forsøket med at dei meiner at poenggrensa er for høg, og seier at «alternative opptaksmetodar antakeleg kan føre til eit større mangfald både demografisk, geografisk og kjønnsmessig».

UiO har ikkje vist korleis ein slik test vil auke mangfaldet på det aktuelle studiet. Den same testen som UiO ynskjer å bruke, har lenge vore brukt ved Syddansk Universitet. Erfaringane deira tilsei at uniTEST diskriminerer kvinner, og at den ikkje ser ut til å utjamne sosiale forskjellar i studentmassen. Her er finn dykk meir informasjon: <https://www.berlingske.dk/samfund/test-sorterer-kvinder-fra-medicinstudiet-diskriminerer-kvinder-rigtig-haardt>

Dersom UiO meiner at poenggrensa er for høg, kan dette justerast ved bruk av dei allereie etablerte kvotane, og med bruk av tilleggspoeng. Til dømes kan dei foreta eit større opptak frå førstegongsvitnemålskvota (det vil favorisere dei yngste som ikkje har tatt opp igjen fag i vidaregåande skule). Det er også mogleg å justere alderspoeng for å oppnå lågare poenggrense.

UiO har tidligare gjennomført forsøk med denne testen: <https://www.med.uio.no/studier/aktuelt/aktuelle-saker/2018/testing-av-alternativt-opptak-i-medisin.html>. Her omtales ein pilot som UiO gjennomførte den 18.1.2018.m I artikkelen står det: «Her vurderes evne til kritisk tenkning, evne til kvantitativ tenkning, språklig og kulturell forståelse, mellommenneskelig forståelse og vitenskapelig tenkning hos den enkelte kandidat.» Dette er fleire av dei same områda som opplæringslovas formålsføresegn (§ 1-1) omhandlar; med andre ord har søkjarane allereie blitt prøvd i desse dugleikane i tre år på vidaregåande skule.

HiØ ynskjer også å gjere merksam på at innføringar av slike testar vil bryte prinsippet om felles sakshandsaming til grunnstudier i Noreg som samordna opptak er bygd opp om. Det vil ikkje vere mogleg for andre institusjonar å handsame søknader på grunnlag av lokale testar, og det kan bli naudsynt å ta studier med slike opptakskrav ut av det samordna opptaket og over i lokale opptak.

HiØ meiner at der er mogleg å oppnå det UiO ynskjer med å bruka dei verkemidla som allereie finnast i Samordna Opptak. Tidlegare erfaringar frå Danmark viser at konsekvensane av bruken av denne testen kan vere uheldige. Det er også uheldig at endringsforslag vert godkjent etter frist, og at prinsippet om eit samordna opptak til grunnstudier vert brote. Vi vil difor be departementet til å trekke forslaget og heller initiere ein prosess for å justere ordninga med tilleggspoeng og kvotar.

Med helsing

Tine Sønderby Kristensen  
Rådgiver

Dette dokumentet er elektronisk godkjent, og har derfor ikke håndskrevne signaturer.

Mottaker(e):  
Kunnskapsdepartementet

Kopimottaker(e):  
Ledelsen, Beth Linde